

Handlingsplan

-mot trakassering, seksuell trakassering, diskriminering og mobbing for Fagskolen i Hordaland



Fagskolen
Vestland fylkeskommune

Innhald

Handlingsplan mot trakassering, seksuell trakassering, diskriminering og mobbing

Innleiing.....	4
Føremål	4
Definisjonar	5
Roller og ansvar	5
Førebygge	6
Avdekke	7
Retningsliner for å melde om utilbørleg åtferd.....	8
Handtere	9
Partane sine rettar	9
Handtering av sak.....	10

Handlingsplan mot trakassering, seksuell trakassering, diskriminering og mobbing

Alle studentar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.

Innleiing

Alle studentar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring. Trakassering og diskriminering vert ikkje tolerert ved Fagskolen i Hordaland og er forbode jf. likestillings- og diskrimineringslova. Alle ved skulen har ein plikt til å handle om ein vert merksam på trakassering, seksuell trakassering, diskriminering eller mobbing. Utdanningsinstitusjonar skal innanfor sitt ansvarsområde førebygge og søkje å hindre trakassering og seksuell trakassering.

Styret for Fagskolen i Hordaland har jf. § 15 i lov om høgere yrkesfaglig utdanning overordna ansvar for studentane sitt læringsmiljø og skal innanfor sitt ansvarsområde arbeide for å førebygge og hindre trakassering og seksuell trakassering, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 13. Styret har også ansvar for at det psykiske arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg for studentane.

Likestillings- og diskrimineringslova § 6 stadfestar at diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder eller kombinasjonar av desse grunnlaga er forbode.

Trakassering på grunn av tilhøve som er omtala i § 6 og seksuell trakassering er forbode jf. likestillings- og diskrimineringslova § 13.

Omgrepet trakassering omfattar mobbing, men mobbing er ikkje eit omgrep i likestillings- og diskrimineringslova.

Føremål

Handlingsplanen skal sikre eit godt psykososialt arbeidsmiljø for studentar og gje retningsliner for å førebygge, avdekke og handtere trakassering, seksuell trakassering, diskriminering og mobbing ved fagskulen.

Fagskulen skal såleis arbeide på tre nivå:

1. Førebygging
2. Avdekking av tilhøve
3. Handtering og oppfølging

Definisjonar

Trakassering

Trakassering er handlingar, unnlatingar eller ytringar som har som føremål eller verknad å krenkje, skremme, vere fiendtleg, nedverdige eller å audmjuke.

Seksuell trakassering

Seksuell trakassering er ein kvar form for uønskt seksuell merksemd som har som føremål eller verknad å krenkje, skremme, vere fiendtleg, nedverdige, audmjuke eller vere plagsam.

Diskriminering

Diskriminering er direkte eller indirekte forskjellsbehandling på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder eller kombinasjonar av desse. Med etnisitet meiner ein blant anna nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge og språk.

Mobbing

Det vert definert som mobbing når ein person gjentekne gonger over tid blir utsett for negative handlingar. Dette kan for eksempel vere trakassering, plaging, utfrysing, at ein tar frå nokon arbeidsoppgåver, eller sårande fleiping og erting.

I fortsettinga vert tilhøve som trakassering, seksuell trakassering, diskriminering og mobbing omtala som utilbørleg åtferd.

Roller og ansvar

Rolle	Ansvar
Alle tilsette	Alle tilsette har ein plikt til å gripe inn om dei ser krenkingar som t.d. mobbing, trakassering eller diskriminering.
Klassekoordinator	Klassekoordinatorane er tett på klassane og studentane, og skal bidra til å sikre eit godt læringsmiljø, og fange opp om det oppstår eit negativt klima i klassane.
Rådgjevar	Rådgjevar har ansvar for å følgje opp studentar som tek kontakt, og gje råd om vidare oppfølging.
Avdelingsleiar	Avdelingsleiar har det daglege ansvaret for oppfølging av studentane sitt læringsmiljø i sin avdeling. Avdelingsleiar følgjer opp klassekoordinatorane, rapporterer til rektor, og har ansvar for å handtere saker om utilbørleg åtferd.

Rektor	Rektor har det daglege overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø og skal innanfor sitt ansvarsområde arbeide for å førebygge og forhindre trakassering og seksuell trakassering. Rektor følgjer opp avdelingsleiarane og rapporterer til styret.
Styret	Styret har det overordna ansvar for studentane sitt læringsmiljø og skal innafør sitt ansvarsområde arbeide for å førebygge og forhindre trakassering og seksuell trakassering.
Studentombod	Studentombodet skal gje studentar råd og hjelp i saker knytt til studiesituasjonen og har teieplikt jf. forvaltningslova §§ 13 til 13 e. Studentombodet er eit uavhengig organ ved fagskulen og kan ikkje instruerast i sitt virke.
Studenthelsetenesta (Sammen)	Sammen har ulike helsetilbod retta mot studentar, t.d. psykologar og rådgjevarar.

Avgrensing

Tilhøve som vedkjem læringsmiljøet og som skjer i samband med utdanningsverksemda skal følgjast opp av fagskulen. Plikta til å følgje opp gjeld ikkje tilhøve i studentars private sfære som ikkje er relatert til fagskulen.

Førebygge

Tilsette ved fagskulen har eit spesielt ansvar for å opptre på ein måte som fremmer eit inkluderande og godt læringsmiljø blant studentane. Tilsette må vere gode førebilete – raus og fordomsfri. Dersom ein tilsett ser at nokon vert plaga har tilsette plikt til å reagere. Utilbørleg åtferd skal få konsekvensar og hendingar skal raskt følgjast opp av skulen.

Studentane ved fagskulen har også eit ansvar for å bidra til eit godt læringsmiljø ved skulen og ein plikt til å handle om ein vert merksam på utilbørleg åtferd som strider mot likestillings- og diskrimineringslova.

Studentrådet skal involverast i saker som vedkjem læringsmiljøet, og har også ansvar for å drøfte aktuelle tilhøve ved fagskulen som er til hinder for eit inkluderande og godt læringsmiljø med leiinga.

Tilsette og studentar ved fagskulen skal gjere seg kjent med handlingsplan mot trakassering, seksuell trakassering, diskriminering og mobbing. Leiinga ved fagskulen har eit ansvar for å følgje opp at handlingsplanen vert gjort kjent blant tilsette og studentar.

Fagskulen skal arbeide systematisk med å fremme eit inkluderande og godt arbeidsmiljø ved skulen, og for å få til dette må leiinga og tilsette arbeide med å utvikle ei felles forståing av kva som er eit inkluderande og godt læringsmiljø. Tilhøve kring trakassering og mobbing må setjast på dagsorden.

Korleis skal ein førebygge

- Leiinga og tilsette må tydeleg markere grenser ved uakseptabel åtferd i det daglege.
- Sikre at leiinga og tilsette har kompetanse til å handtere irettesetting og vanskelege samtalar på ein god måte.
- Følgje rutinar for handtering slik at ein sikrar at alle får den informasjonen dei skal ha, og at saker vert følgt opp på ein trygg og god måte.
- Overhalde teieplikta om personlege tilhøve hos studentane, og ikkje vidareformidle anonyme meldingar om utilbørleg åtferd.
- Unngå negativ omtale av andre, og ta problemet opp med den det gjeld. Held diskusjonar på eit sakleg nivå, og ikkje godta personåtak eller latterleggjering.
- Fagskulen må ha eit forum der ein kan diskutere læringsmiljøet ope, og der ein kan uttrykkje og drøfte usemje på ein respektfull måte.
- Sette det psykososiale arbeidsmiljøet for studentane på dagsorden, inkludert uønskt åtferd som tema på avdelingsmøter.
- Arbeide systematisk med helse, miljø og tryggleik og kartlegge studentanes læringsmiljø med jamne mellomrom for å overvake at læringsmiljøet er godt.
- Klassekoordinator skal ha uformelle samtalar med studenttillitsvalde kvar månad for å ha god dialog om læremiljøet i klassane.
- Leiinga ved skulen og leiinga i studentrådet skal ha eit årleg møte for å drøfte læringsmiljøet og summere året som har gått i høve til studentsaker.

Avdekke

Fagskulen har eit ansvar for å avdekkje tilhøve kring trakassering, seksuell trakassering, diskriminering og mobbing, og den viktigaste innsatsen for å gjere dette er at studentar og tilsette melder i frå. Det er fleire måtar å melde i frå om utilbørleg åtferd, og fagskulen gjer også årlege undersøkingar blant studentane for å avdekke tilhøve kring trakassering, seksuell trakassering, diskriminering og mobbing. Følgjande kanalar kan nyttast til å melde i frå om utilbørleg åtferd:

Varslingssystem

Fagskulen har eit eige varslingsystem som studentar og tilsette kan nytte til å mellom anna varsle om trakassering, seksuell trakassering, diskriminering og mobbing. Ein kan varsle anonymt eller konfidensielt, og ein kan varsle på vegner av andre.

Klassekoordinator

Klassekoordinatorane og lærarane er tettast på studentane og har eit særleg ansvar for å ta tak i situasjonar og melde vidare dersom ein mistenker at nokon vert utsett for utilbørleg åtferd.

Studentane

Ein student som vert utsett for utilbørleg åtferd kan melde dette til anten klassekoordinator, rådgjevar, avdelingsleiar eller gjennom fagskulen sitt varslingsssystem. Studentar har også ein plikt til å melde i frå om nokon andre vert utsett for utilbørleg åtferd.

Studentar kan også ta kontakt med studenttillitsvalde for rettleiing om korleis gå fram med ei sak.

Undervegs undersøkingar

Årleg får studentane to undervegs undersøkingar, og éin av desse har spørsmål om trakassering, seksuell trakassering, diskriminering og mobbing.

Retningsliner for å melde om utilbørleg åtferd

For at fagskulen skal kunne avdekke og følgje opp saker om utilbørleg åtferd er ein avhengig av at slike saker vert meldt.

Studentar

Ein student som vert utsett for utilbørleg åtferd, eller som ser at andre vert utsett for utilbørleg åtferd kan melde til/gjennom:

- Klassekoordinator
- Avdelingsleiar
- Varslingssystemet

Tilsette

Tilsette som ser at ein student vert utsett for utilbørleg åtferd skal melde til klassekoordinator eller avdelingsleiar.

Klassekoordinator

Klassekoordinator skal melde alle varsel om utilbørleg åtferd til avdelingsleiar som følgjer opp varselet vidare.

Avdelingsleiar

Avdelingsleiar har ansvar for å følgje opp varsel gjennom fagskulen sitt varslingsssystem, og varsel gitt munnleg/skriftleg av studentar eller tilsette. Avdelingsleiar skal orientere rektor om alle varsel.

Anonymitet og konfidensialitet

Studentar har rett til å varsle anonymt, men eit anonymt varsel er svært vanskeleg å følgje opp fordi skulen ikkje veit kven som har varsla. I saker om utilbørleg åtferd har den som det er blitt varsla om rett til å gå gje tilsvar, og anonyme varslar er det ikkje mogleg å forsvare seg mot. Det vert derfor oppmoda til at ein varslar med namn. Fagskulen skal sikre konfidensialitet i alle saker om utilbørleg åtferd, både for den som varslar og for den som varselet rettar seg mot. Ved innkalling til samtale er det alltid varslar som vert kalla inn først.

Handtere

Studentar skal takast på alvor – ein skal alltid lytte og undersøke saka. Utgangspunktet er at ein trur på det studenten fortel. Saka skal takast tak i så tidleg som mogleg, og handterast på lågast rett nivå, slik at problemet ikkje får utvikla seg til ein fastlåst situasjon. Saka skal behandlast konfidensielt og involverte partar skal få høve til å legge fram sitt syn.

Tiltak skal setjast i verk og den som har vore utsett for utilbørleg åtferd må få tilbod om samtale med helsepersonell. Fagskulen er medlem i Sammen som har tilbod om studenthelseteneste.

Alle varsel om utilbørleg åtferd skal følgjast opp av avdelingsleiar i samråd med rektor. Avdelingsleiar har ansvar for at varselet vert handtert, og for å gjennomføre naudsynte undersøkingar og samtalar med involverte partar, og sikre at situasjonen vert løyst. Avdelingsleiar har ansvar for å sørge for skriftleg dokumentasjon og at denne vert arkivert forsvarleg i saks- og arkivsystemet med kode for unnateke offentlegheita.

Partane sine rettar

Ein student som vert utsett for utilbørleg åtferd har rett på at skulen i varetek studenten og følgjer opp saka.

Ein student som har fått eit varsel mot seg har rett på partsinnsyn i saka og melding om vedtak.


Ein student som varslar eller som har varsel mot seg har rett på å ha med seg studenttillitsvald eller anna tillitsperson i møter.

Partane skal signere på samtykke om konfidensialitet i saka, og den som det er varsla mot skal signere på at den ikkje får kontakte den som har varsla eller er utsett for utilbørleg åtferd om saka.

Kommunikasjon i saka skal skje gjennom tilrettelagte møter med avdelingsleiar.

Handtering av sak

Det finst ulike former for mobbing og anna utilbørleg åtferd, og grad av alvor kan variere. Konflikthar og mobbing er ikkje eit anten-eller-fenomen, men ofte ein gradvis eskalerande prosess¹. Såleis startar gjerne ein konflikt på eit lågt nivå for så å eskalere til eit høgare nivå. Figur 1 under viser korleis konflikthar kan vere på ulike nivå.



Figur 1. Konflikttrappen².

Konflikthar bør løysast på lågast mogleg nivå i prosessen før den eskalerer. Når ein konflikt har eskalert høgt opp på konflikttrappen er den vanskelegare å løyse.

Når ein skal vurdere å ta i bruk mekling som verktøy for å løyse ein konflikt må ein vurdere kor høgt på konflikttrappen partane er. Mekling som verktøy i harde personkonflikthar er ikkje utan vidare tilrådd.

Handtering av saker

Kommunikasjon i saka skal rettast mot partane i saka for å sikre konfidensialitet. I hovudsak skal møter med involverte partar gjennomførast kvar for seg. Berre i tilfelle med lågt konfliktnivå kan ein samla partane for å drøfte saka.

Avdelingsleiar skal gjennomføre naudsynte møter med partane, og eventuelt andre som er vitne i saka, for å hente inn informasjon om sakstilhøva. Møte med varslar skal gjennomførast først, deretter møte med studenten som varselet er retta mot. Ein student som har fått varsel mot seg skal orienterast munnleg i møte før studenten får skriftleg brev i saka.

Avdelingsleiar skal vurdere dei faktiske handlingane i saka i lys av om dei er akseptable, uheldig eller uakseptable, både som enkelthandlingar og samla sett. Det er såleis handlingane som skal vurderast og ikkje personane.

¹ <https://mag.idebanken.org/mobbing-n/6/>

² <https://www.idebanken.org/innsikt/artikler/konflikthandtering>

Ein student som har blitt utsett for utilbørleg åtferd skal få tilbod om ytterlegare oppfølging av rådgjevar ved fagskulen og studenthelsetenesta.

Konklusjon og tiltak

Etter at naudsynte samtaler er gjennomført skal det konkluderast og gjennomførast tiltak. Dette kan vere at situasjonen vert løys gjennom samtalar og studenten det er varsla mot endrar sin åtferd. Eit anna tiltak kan vere å flytte den studenten som har handla kritikkverdig dersom dette er mogleg. Avdelingsleiar skal følgje opp partane for å sikre at tiltaka hjelper på situasjonen.

Tiltak må stå i forhold til alvorlet i saka, og i alvorlege saker vert det nytta sterkare sanksjonar overfor den som har utsett nokon for utilbørleg åtferd. Slike disiplinære sanksjonar kan vere:

- Bortvising
- Utestenging
- Skikkavurdering
- Politimelding

Vedtak om bortvising eller utestenging

Forskrift for Fagskolen i Hordaland § 4-1 første og femte ledd har følgjande føresegner om bortvising eller utestenging:

(1) Ein student som trass skriftleg varsel frå fagskulen gjentekne gonger opptrer på ein måte som verkar grovt forstyrrande for medstudentar sitt arbeid eller for verksemda ved fagskulen elles, kan etter vedtak av den lokale klagenemnda verte bortvist frå fagskulen i inntil eitt år. Med bortvising meiner ein at studenten ikkje får delta i undervisning eller opphalde seg på skulen sitt område i bortvisingsperioden. Dersom ein student på trass av skriftleg varsel frå fagskulen ikkje etterkjem eit vedtak om bortvising, kan den lokale klagenemnda vedta å stenge ute studenten frå utdanninga i inntil eitt år. Med utestenging meiner ein her å miste retten til å fullføre studiet.

(5) Rektor ved fagskulen kan fatte vedtak om bortvising dersom avgjerda i saka ikkje kan vente til den lokal klagenemnda kan kome saman i møte jf. § 25 og § 12 i fagskulelova.

Skikkavurdering

Ein student som har utvist utilbørleg åtferd og som studerer ved ei utdanning som er underlagt reglar om skikkavurdering kan verte skikkavurdert i tråd med §§ 4-3, 4-4, og 4-5 i forskrift for Fagskolen i Hordaland.

Politimelding

Ved alvorlege hendingar som er klart lovstridig vil fagskulen melde tilhøvet til politiet.

Vidare oppfølging

Å bli utsett for utilbørleg åtferd kan vere svært tyngande. Til dømes rapporterer personar som har blitt utsett for mobbing gjennomgåande om fleire helseplager enn andre. Både fysiske og psykiske plager kan oppstå, sjølv lenge etter at hendinga er over³. Det er derfor svært viktig at ein student som har blitt utsett for utilbørleg åtferd får tilbod om oppfølging både ved skulen og gjennom studenthelsetenesta.

Ved varsel om utilbørleg åtferd blir følgjande retningslinjer følgt:

Handling	Ansvarleg
Mottak av varsel <ul style="list-style-type: none">- Alle dokument i varselet skal arkiverast forsvarleg og det skal gjennomførast samtale med varslar.- Parten det vert varsla mot skal informerast munnleg og skriftleg om varselets innhald etter samtale med varslar.- Studenten som er utsett for utilbørleg åtferd skal få naudsynt oppfølging.- Studenten det er varsla mot skal også ha naudsynt oppfølging.	Avdelingsleiar
Opplysing av saka <ul style="list-style-type: none">- Det skal gjennomførast møter med partane kvar for seg for å få opplyst saka tilstrekkeleg.	Avdelingsleiar
Informasjon om teieplikt <ul style="list-style-type: none">- Partane skal opplysast munnleg og skriftleg om konfidensialitet i saka og teieplikt jf. forvaltningslova § 13b siste ledd. Partane skal signere på at krava til teieplikt er forstått.	Avdelingsleiar
Oppfølgingsmøter <ul style="list-style-type: none">- Det skal gjennomførast oppfølgingsamtaler med begge partar kvar for seg.- Dersom konfliktnivået i saka er lågt kan ein vurdere eit felles møte med partane.	Avdelingsleiar
Vurdering av tiltak og vedtak <ul style="list-style-type: none">- Avdelingsleiar vurderer kva tiltak som skal gjennomførast i samråd med rektor.	Avdelingsleiar Rektor
Konklusjon/Vedtak <ul style="list-style-type: none">- Det skal gjerast ein skriftleg konklusjon i høve til kva tiltak som skal setjast i verk.- Partane skal varslast om konklusjonen.	Avdelingsleiar Rektor

³ <https://mag.idebanken.org/mobbing-n/8/>

<ul style="list-style-type: none"> - Ved disiplinære sanksjonar som bortvising, utestenging eller skikkavurdering skal den lokale klagenemnda for fagskulen kallast inn. 	
<p><i>Vidare oppfølging</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Avdelingsleiar skal lage ein plan for vidare oppfølging av studenten som har vore utsett for utilbørleg åtferd. 	Avdelingsleiar

Aktuelle lover og forskrifter

[Lov om høyere yrkesfaglig utdanning](#)

[Lov om likestilling og forbud mot diskriminering \(likestillings- og diskrimineringsloven\)](#)


[Forskrift for Fagskolen i Hordaland](#)

Kjelder:

<https://www.idebanken.org/kloke-grep/artikler/slik-kan-du-som-leder-forebygge-mobbing>

<https://mag.idebanken.org/mobbing-n/6/>

<https://www.idebanken.org/innsikt/artikler/konflikthandtering>



vestlandfylke.no